

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Herøy kontrollutval  
**Møtestad:** Herøy rådhus - Kommunestyresalen  
**Dato:** 10.11.2021  
**Tid:** Kl. 13:00 – 16:10

---

**Medlemmar som møtte**

Ann Elin Myklebust  
Idar Kjell Tarberg  
Jan Nilsen  
Kristin Sævik

**Representerer**

**Funksjon**

medlem  
leiar  
nestleiar  
medlem

**Forfall**

Leiv Magnar Aarflot

**Representerer**

**Varamedlem**

Gerhard Ole Furø

**Representerer**

**Andre som møtte**

Vest kontroll:

Jostein Støylen. Dagleg leiar.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS:

Bodill Skeide. Dagleg leiar. Revisjonssjef.

Kommune:

Geir Egil Olsen. Økonomleiar. I sak 60.

Sunnmørsbadet AS:

Karl Petter Sortehaug. Dagleg leiar. I orienteringssak 05/21.

**Underskrifter:**

Idar Tarberg  
Leiar

Gerhard Ole Furø  
Vara

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
50/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/417
51/21	Godkjenning av protokoll	21/417
52/21	Skriv og meldingar	21/417
53/21	Gjennomgang av møteprotokollar	21/417
54/21	Revisjonsplanlegging 2021 - Finansiell revisjon	21/437
55/21	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Sjølvkost - avløp - Oppfølging	21/432
56/21	Prosjektplan - Innkjøp/anbudsprosess	21/472
57/21	Budsjett for kontrollarbeidet 2022 - Herøy	21/441
58/21	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	21/417
59/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/417
05/21	Sunnmørsbadet Fosnavåg AS	21/481
60/21	Tertialrapport 02/2021	21/480

Moltustranda, 11.11.2021

Idar Kjell Tarberg

## 50/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Leiar får fullmakt til endre på saklista i høve til oppmøtetida til dei som skal orientere.
2. Til å underskrive møteprotokollen saman med leiare vert vald Gerhard Furø.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## 51/21 Godkjenning av protokoll

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## 52/21 Skriv og meldingar

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
15/21	Frå avisa kommunal rapport 16.09.2021 - Er det trygt å varsle til kontrollutvalet?
16/21	Frå kommunalrapport 19. august 21 - 4 av 10 rammet av datakrim
17/21	Orientering frå Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS
18/21	Melding om vedtak Årsplan for kontrollutvalet 2021
19/21	Plan for eigarskapskontroll 2021-2024
20/21	Veilder-internkontroll_oktober-2021
21/21	Tilbakemelding til kontrollutvalet - Sjølvkost avløp
22/21	Tilstandsrapport 2021 - Barneverntenesta i Herøy og Vanylven

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.  
Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientere om status for intern kontroll i kommunen, samt orientere og svare på spørsmål vedkomande barneverntenesta, jf. tilstandsrapport 2021.

**Behandling:**

Viser til pkt. 5 Kommentarer til Forvaltningsrevisjonen. Spørsmål om rapporten var feil, bør evt. kome når kommunedirektøren har denne til høyring før saka vert lagt fram for kommunestyret. Ein kjem tilbake dette i sak 55/21.

Viser til pkt. 6. Kontrollutvalet har spørsmål til tilstandsrapporten 2021 frå barnevernteneste. Kommunedirektøren vert kalla inn på neste møte for å orientere og svare på spørsmål.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

**53/21 Gjennomgang av møteprotokollar****Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

**Behandling:**

Kontrollutvalet var innom saker som som ein tek opp på neste møte.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

**54/21 Revisjonsplanlegging 2021 - Finansiell revisjon****Vedtak:**

Kontrollutvalet tek til vitende «Revisjonsplanlegging 2021 – Finansiell revisjon», for Herøy kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

**Behandling:**

Dagleg leiar/revisjonssjef Bodill Skeide orienterte. Ho kom ikkje inn på tilhøve som ga grunnlag for å stenge møtet.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek til vitende «Revisjonsplanlegging 2021 – Finansiell revisjon», for Herøy kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

**55/21 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Sjølvkost - avløp - Oppfølging****Vedtak:**

Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga frå kommunedirektøren vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Sjølvkost - avløp til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

Kontrollutvalet registrerar av tilbakemeldinga frå kommunedirektøren pkt. 5 at forvaltningsrevisjonsrapporten var feil. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren i framtida sørge for betre intern kvalitetskontroll i samband med høyring/uttale. Dette for å unngå at rapportar, som vert eit historisk dokument, kjem til behandling i kontrollutval og kommunestyret med feilinformasjon.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga frå kommunedirektøren vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Sjølvkost - avløp til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

**56/21 Prosjektplan - Innkjøp/ anbudsprosess****Vedtak:**

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Innkjøp/ anbudsprosess i samsvar med prosjektplanen.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Innkjøp/ anbudsprosess i samsvar med prosjektplanen.

## **57/21 Budsjett for kontrollarbeidet 2022 - Herøy**

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2022 må ha ei ramme på kr 143.500.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2022, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2022 blir på om lag kr 1.147.402.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

1. Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2022 må ha ei ramme på kr 143.500.
2. Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon for 2022, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
3. Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2022 blir på om lag kr 1.147.402.

## **58/21 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet**

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren og SSIKT kome i neste møte for orientere om kommunen si datasikring.

### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

## **59/21 Saker til eventuell seinare behandling**

**Behandling:**

Det kom ikkje fram opplysningar ga høve til vedak.

**05/21 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS****Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå dagleg leiar til vitende.

**Behandling:**

Det vert vist til den dokumentasjonen som ligg på saka. Dagleg leiar Karl Petter Sortehaug tok utgangspunkt i tilsendt dokumentasjon i si orientering.

**Informasjon:**

Dagleg leiar og styreleiaren er invitert til møtet for å orientere om selskapet og å svare på spørsmål. Vi har bedt om orientering om:

- selskapet si drift
- korleis dei ser føre seg framtida
- eventuelle utfordringar som selskapet har

**60/21 Tertialrapport 02/2021****Vedtak:**

Kontrollutvalet tek tertialrapporten med finansinformasjon for 2. tertial 2021 til vitende.

**Behandling:**

Økonomileiar Geir Egil Olsen orienterte og svarta på spørsmåla. Det vert vist til vedlegget som ligg på saka - Tertialrapport 02/2021, samt kommunedirektøren si saksutgreiing datert 21.09.2021 som økonomileiaren tok utgangspunkt i si oientering.

Prognose for året er meirforbruk mellom 2 - 3 mill. , det vesentlege er innanfor eigedeom, helse og omsorg.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek tertialrapporten med finansinformasjon for 2. tertial 2021 til vitende.

